

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 190/2014**

190-2015n

av 25. september 2014

**om endring av vedlegg XI til EØS-avtala (Elektronisk kommunikasjon,
audiovisuelle tenester og informasjonssamfunnstenester)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd 2013/752/EU av 11. desember 2013 om endring av vedtak 2006/771/EF om harmonisering av radiospektrum for bruk av kortdistanseutstyr, og om oppheving av vedtak 2005/928/EF⁽¹⁾, skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Gjennomføringsavgjerd 2013/752/EU opphevar kommisjonsvedtak 2005/928/EF⁽²⁾ som er teke inn i EØS-avtala, og som difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 3) Vedlegg XI til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg XI til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 5cz (kommisjonsvedtak 2006/771/EF) skal nytt strekpunkt lyde:
”– **32013 D 0752**: Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd 2013/752/EU av 11. desember 2013 (EUT L 334 av 13.12.2013, s. 17).”
2. Teksta i nr. 5ct (kommisjonsvedtak 2005/928/EF) vert oppheva.

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsavgjerd 2013/752/EU på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 26. september 2014, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfërda i Brussel 25. september 2014.

For EØS-komiteen

Kurt Jäger

Formann

⁽¹⁾ TEU L 334 av 13.12.2013, s. 17.

⁽²⁾ TEU L 344 av 27.12.2005, s. 47.

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.